



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Teknisk styre	01.02.2011	011/11	GFB

Avgjerd av: Teknisk styre	Arkiv: L12	Arkivsaknr
Saksbehandler: Gerd Fløde Bjørlo	Objekt:	10/395

Reguleringsplan gang- og sykkelveg E39 Klokkargarden - Hjelle - utlegging til offentlig ettersyn

Prenta vedlegg:

1. Planomtale
2. Reguleringskart

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Plan- og bygningslova av 27.06.2008 nr. 71

Kva saka gjeld:

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg frå Klokkargarden til Hjelle – utlegging til offentlig ettersyn

Saksutgreiing:

Eid kommunestyre har i møte den 25.02.2010, K-sak nr. 015/10, vedteke oppstart av planarbeidet.

Planarbeidet er eit samarbeid mellom Eid kommune og Statens Vegvesen. Eid kommune skal ta i bruk Hornindalsvatnet som vasskjelde, og Statens vegvesen planlegg gang- og sykkelveg på strekninga frå Klokkargarden til Nor bru. Planarbeidet blir gjennomført i eitt prosjekt, og Asplan Viak er innleigd konsulent til planarbeidet.

Vedlagde planomtale gjer greie for planarbeidet. Der har vore halde folkemøte om planen, og det har vore open kontordag der grunneigarar har hatt høve til å komme og diskutere løysingar for sine eigedomar som vil bli råka av arbeidet.

Vurdering:

Gang-og sykkelvegen vil gå på nordsida av E39. Den er om lag 2,6 km lang. Nokre avkøyrslar til E39 blir sanert ved at dei blir samanslegne med andre, men langt dei fleste blir som i dag, men utbetra. Planen omfattar også nye/endra busslommer på strekninga. Både på sørsida og nordsida av E39. Planen vil naturleg nok ta ein del dyrka mark langs strekninga. Eitt hus må også rivast for å få plass til gangvegen. Dette vert erstatta og det er tingingar med grunneigar om korleis dette kan gjennomførast. Veggen blir ein del av E39 og ansvaret ligg såleis på Statens vegvesen. Statens vegvesen gjennomfører alle tingingar med grunneigarar i området.

Gangvegen som no er under planlegging, er eit viktig ledd i kommunikasjonssystemet i Eid kommune. Ein samanhengande gangveg frå Eid sentrum til Mogrenda er ei svært positiv utvikling for lokalsamfunnet, og bidreg til ein trygg veg både for bilistar, syklistar og gåande på vegstrekninga.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

I medhald av plan- og bygningslova av 27.06.2008, nr. 7, § 12-10, blir framlegg til reguleringsplan for gang- og sykkelveg frå Klokkargarden til Hjelle, lagt ut til offentleg ettersyn.

Frist for uttale er 6 veker frå kunngjering.

01.02.2011 TEKNISK STYRE

TS-011/11 VEDTAK:

Som tilrådinga. Samrøystes..

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-